

Angående utsleppsløyve for Gnr. 058 - Bnr. 093 - 098 - 099 og
10 i Buskeneset Hytteområde og tilkobling for nye hytte-eiere.


Ovenfor nevnte hytte-eiere gir herved Eva Ann Lilleskaret,
Gnr. 58 - Bnr. 113, parsell 25, rett til tilkobling på felles
eksisterende avløp.

Eva Ann Lilleskaret har herved betalt kr. 3.860,- som er lik
part som eksisterende hytter har betalt i anlegget.

Tilsagnet gjelder fra den tid Lindås Kommune bestemmer.

Bergen, 14.10.92.

for Fellesskapet


.....
Bjørn Tefre

Lindås kommune, teknisk etat, VAR-avdelinga

NOTAT

23.10.98/arealn04/ae

FELLES KLOAKKLEIDNING I BUSKENESET HYTTEOMRÅDE, GNR 58 FØRESPURNAD OM LØYVE TIL EKSTRA TILKNYTING TIL EKS. LEIDNING.

Den eksisterande felles avløpsleidningen vart etablert i 1992, ref. løyve gjeve i sak 83/92. Løyvet er seinare utvida i mellom anna sak 11/93. Til saman har no 11 hytter fått løyve til å knyte seg til leidningen. Spørsmålet i denne omgang er om dette kan utvidast til 13 hytter. Spørsmålet er reist av Michael Knutsen og Ingvar Solheim som leiar for hyttefelleskapet på Buskeneset.

Overordna planer

I godkjent hovedplan for avløp i Lindås kommune ligg hyttefeltet på Buskeneset innanfor «blå» avløpssone (rensedistrikt) på Feste. Krav til avløpsløyving er difor enten tilknytning til eksisterande eller til nytt fellesanlegg der avløpet går via slamavskiljar og til godkjent utsleppdjupne og - stad i sjø. Utsleppsløyvet for sona på Feste har eit gjeldande løyve på 250 personekvivalentar (Pe), der eksisterande utslepp i 1996 var rekna til 150 Pe.

Gjeldande utsleppsløyve er difor ikkje til hinder for å auka tilknytninga til den aktuelle fellesleidningen i Buskeneset.

Eksisterande kloakkanlegg for hyttene

Kvar tilknytt hytte har 2 m³ slamavskiljar tilknytt ø110 mm PE fellesleidning. Fellesleidningen er etablert med utsleppskum og ført vidare til ca 20 m djup. Eigar sin dykkarundersøking av utsleppsleidningen konkluderer med god tilstand. Utsleppsleidningen endar på kanten over eit større djup langs det straumførande sundet og ligg såleis ideelt til.

Etter eigars opplysningar har fellesleidningen eit fall på omlag 10 m på dei nederste 90 m ovanfor utsleppskummen. Det er difor ikkje noko aktuelt kapasitetsproblem på dette strekket. Forlenginga vidare oppover vil sannsynlegvis få noko mindre fall. Utan nærare undersøkingar/prosjektering må det her fastsetjast eit minimumsfall på 1:50 .

På dette grunnlag er ikkje kapasiteten på fellesleidningen til hinder for auka tilknytning.

Godkjenning

Med grunnlag i overnemte godkjenner VAR-avdelinga at nevnte fellesleidning for kloakk i Buskeneset hyttefelt får tilknytning frå opptil 13 hytter, der avløpet er reinsa i slamavskiljarar.

Dei aktuelle hytteeigarane som vil nytte den utvida delen av utsleppsløyvet, må via godkjend rørleggjar søkje om dette på vanleg måte til Lindås kommune

Ansvar for drift og vedlikehald av den omtalte fellesleidningen er etter gjeldande regelverk tillagt den eigedom som anlegget opphavleg vart bygd for. Skulle ansvaret blir delegert til t.d. eit felles hyttestyre e.l., ber kommunen om å bli informert om navn/adr. på ansvarshavande/kontaktperson.

Knarvik, 23.10.98

Arne Eikefet

-avd.ing. VAR